

TIME KOMMUNE
Postboks 38
4349 BRYNE

Vår dato: 02.06.2026
Vår ref.: 202610526-4 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 26/986-4

Sakshandsamar: Turid Bakken
Pedersen, 22959767, tba@nve.no

NVE si uttale - Varsel om endring - Reguleringsplan for nytt kommunalteknisk anlegg - Høg- Jæren energipark - Planid 0320.00 Time kommune

Vi viser til brev datert 29.04.2026 med supplerande vurderingar oversendt med brev datert 05.05.2026. Saka gjeld endring av reguleringsplan for Høg-Jæren energipark. Det blir lagt opp til at planendringa kan gjennomførast som endring etter forenkla prosess, jf. pbl. § 12-14, andre ledd.

Formålet med reguleringsendringa er å leggje til rette for eit høgdebasseng på terreng med tilhøyrande tekniske anlegg under bakken. Dette skal sikre sløkkjevatn for datasenter og dessutan kommunale behov. Kommunen skal drifte høgdebassenget etter bygging.

For kommunen er det ein føresetnad at endringa ikkje skaper hindringar for vindkraft.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strok (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl.).

NVE si uttale

Planområdet kjem i berøring med Høg-Jæren vindkraftverk som har konsesjon frå NVE etter energilova. NVE er opptatt av at kommunen må unngå arealformål som er i strid med eksisterande vindkraftanlegg og at tiltak som planendring legg til rette for ikkje får negativ påverknad frå vindkraftanlegget.

Det må vurderast om:




- Kan vindkraftverket ha negativt påverknad på høgdebassenget med tilhørende delar som følgje av iskast, oljelekkasje eller anna påverknad?
- Kan høgdebassenget med tilhørende deler negativt påverke vindkraftverket som følgje av gravearbeid, drift eller anna påverknad? Vil det bli redusert kraftproduksjon pga. auka vindskugge frå etablering av «større» bygg?*

NVE ser at Jæren Energi AS, som har konsesjon til Høg-Jæren vindkraftverk, er inne i planprosessen. NVE legg til grunn at deira spørsmål og innspel oversende med brev datert 18.05.2026 blir teke inn i det vidare planarbeidet.

* Vi viser til eit døme i Ørland kommune, Trøndelag der det var eit tilfelle av ekstern påverknad som førte til redusert kraftproduksjon på Valsneset vindkraftverk. Valsneset vindkraftverk såg slik ut i 2008. Det var før dei fekk eit ganske stort bygg som nabo. Som følgje av oppføringa av bygget vart det inngått ei minneleg løysing med eigaren av bygget for å kompensera for redusert kraftproduksjon.

2008:





2017:



Så lenge arealplanen omtalar og sikrar at vindkraftverket og høgdebassenget med tilhøyrande tekniske anlegg ikkje påverkar kvarandre negativt, vil ikkje NVE ha merknader til planendringa.

I planprosessen skal det avklarast om det er realistisk å oppfylle krav i pbl. § 28-1 og byggteknisk forskrift (TEK17) for sjølvne tiltaket som planendringa legg til rette for. Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at byggverk, byggegrunn og tilstøytane terreng ikkje vert utsett for fare for skade eller vesentleg ulempe som følgje av tiltaket, jf. byggteknisk forskrift (TEK 17) § 7-1 andre ledd.

Meir informasjon

De finner meir informasjon på våre nettsider om arealplanlegging, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. Vår uttale i saka er nødvendigvis ikkje uttømmende. For å få ei fullstendig oversikt viser vi til [Kartbasert veileder for reguleringsplan](#) som gir rettleiing om våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal ivaretakast i reguleringsplanen også etter forenkla prosess.

Meld inn fareutgreiingar

Naturfareutgreiingar som er tinga etter 01.01.2025 er skal meldast inn til NVE i samsvar med [pbl § 2-4](#) og [Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkelser og naturfareutredninger](#). Vi ynskjer også å få inn naturfareutgreiingar tinga før denne datoen. Geotekniske grunnundersøkingar skal leverast inn til NGU via NADAG. Informasjon finnast her: [Meld inn naturfareutredninger - NVE](#).

**Kommunen sitt ansvar**

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir teken nødvendig omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggjeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd, uttale, eller innvending til saka.

Vi ber om at de held oss orientert i saka. Ta gjerne kontakt med oss om de har spørsmål.

Med helsing

Peer Sommer-Erichson
Fung. seksjonssjef

Turid Bakken Pedersen
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

TIME KOMMUNE

Kopimottakarar:

STATSFORVALTEREN I ROGALAND

Time kommune

Postboks 38

4349 BRYNE

Deres ref: 2026/986-6

Vår ref: 2026/116138

Dato: 27.05.2026

Uttalelse til høring - Endret regulering for Høg-Jæren energipark - Tilrettelegging for høydebasseng - plan 0320

Vi viser til dokumenter mottatt 5. mai 2026.

Formål

Formålet med tiltaket er å etablere et høydebasseng på Skjæret som sikrer nødvendig vann- og brannberedskap for Green Mountains datasenter, samtidig som det styrker Time kommunes samlede vannforsyning og beredskap.

Vår rolle

Mattilsynet er statlig sektormyndighet for områdene planter, helse og velferd hos fisk og dyr, mat og drikkevann. Som høringsinstans har vi i oppgave å bidra til å ivareta nasjonale og regionale interesser innenfor våre forvaltningsområder. I tilknytning til dette planarbeidet er temaene om drikkevann og plantehelse særlig relevante.

Drikkevann

Mattilsynet forvalter drikkevannsforskriften. Vårt ansvarsområde i forhold til planarbeid er knyttet til beskyttelse av eksisterende og framtidige drikkevannskilder og leveringssikkerhet for trygt og nok drikkevann til innbyggerne. Generelt må en føre-var-tilnærming legges til grunn for beskyttelse av drikkevann, på kort og lang sikt.

Det er positivt at Time kommune øker leveringssikkerheten av drikkevann ved å etablere et nytt høydebasseng.

Det vurderes videre som tilfredsstillende at det er utarbeidet en ROS der vannforsyning, forurensing fra vindturbiner og gjødsling er vurdert med forslag til tiltak. Det er også utarbeidet en VA – rammeplan.

Vi savner imidlertid en vurdering av behovet for restriksjoner i form av bestemmelser, og hensynssoner i planen, som skal beskytte det planlagte drikkevannsanlegget (nytt drikkevannsbasseng, eventuelle pumpestasjoner, vannledninger etc.) mot fare for forurensing av drikkevannet. Dette kan være bestemmelser som begrenser hvilke aktiviteter eller tiltak som kan tillates i området på, ved, eller i området rundt de ulike anleggene.

De tiltakene som er nødvendig i form av restriksjoner gjennom hensynssoner med bestemmelser, må komme fram i planen ved at kommunen benytter den hjemmelen de har i plan- og bygningsloven til å begrense eller forby aktiviteter som kan medføre fare for forurensing av drikkevannet.

I høringsdokumentene i Endringsbeskrivelsen under kriminalitetsforebyggende tiltak, står dette:: *«Anlegget vurderes å ikke ha noen innvirkning på kriminaliteten i området. Tiltakets lokalisering og utforming bidrar i seg selv til lav kriminalitetsrisiko. Planforslaget legger til rette for kriminalitetsforebyggende tiltak som inngjerding, samt områdets avsidesliggende beliggenhet gjør det i tillegg lite attraktivt for kriminelle handlinger».*

Mattilsynet understreker at fysisk sikring av drikkevannsbassenget må vektlegges tungt i denne prosessen. Norge står i den alvorligste sikkerhetspolitiske situasjonen siden den kalde krigen. Dette slår regjeringen, Stortinget, Etterretningstjenesten, PST og Nasjonal sikkerhetsmyndighet (NSM) fast. Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) definerer drikkevann som en kritisk samfunnsfunksjon. Uten drikkevann stopper samfunnet opp, slik vi kjenner det i dag. Høydebasseng er en del av den kritiske infrastrukturen i Norge og kan være et sannsynlig mål for sabotasje, selv i fredstid.

Drikkevannsforskriften § 18. Plangodkjenning

Når det planlegges endringer som kan ha betydning for produksjonen av tilstrekkelige mengder helsemessig trygt drikkevann, skal eier av vannforsyningssystemet søke om plangodkjenning. Mattilsynet vurderer at etablering av nytt høydebasseng er en større endring i eksisterende vannforsyningssystem. Endringer av dette omfanget vil utløse et krav om plangodkjenning. Planene skal være godkjent av Mattilsynet før byggestart. Dette er nærmere

beskrevet her: [Søke om plangodkjenning for å bygge eller endre et vannforsyningssystem | Mattilsynet](#)

Vi kan ikke se at det er lagt inn bestemmelse som sikrer at høydebassenget som planlegges skal være plangodkjent i henhold til krav i drikkevannsforskriften før etablering starter, eller at det er omtalt på annen måte.

Det tekniske knyttet til selve drikkevannsbassenget samt behov for ytterligere sikring/overvåkning av området vil bli vurdert i forbindelse med plangodkjenningsprosessen.

Det står ikke noe om private drikkevannskilder i planene. Dette må kartlegges sammen med eventuelle drikkevannsledninger.

Tiltakshaver må vurdere risikoen for forurensing av disse private drikkevannsbrønnene og ved behov iverksette forebyggende tiltak for å beskytte dem. Det må også tas hensyn til drikkevannsledninger ved gravearbeidene.

Plantehelse

Mattilsynet forvalter plantehelseforskriften. I tilknytning til plantehelse er Mattilsynets ansvarsområde å forhindre spredning av planteskadegjørere som kan ha alvorlige samfunnsøkonomiske konsekvenser.

Uønsket spredning kan skje både med jordmasser som flyttes og med maskiner som har rester av jord, frø og planter. Faren for spredning er størst fra områder med tidligere eller nåværende dyrka mark.

Hvis planene innebærer flytting av jordmasser, ber vi dere lese denne informasjonen og ta hensyn til dette i videre planarbeid: [Hvordan unngå å spre planteskadegjørere og ugras ved anleggsarbeid og flytting av jord | Mattilsynet](#)

Med hilsen
Mattilsynet, tilsynet

Sigrunn Hauge
seniorinspektør

Jorunn Aasgaard Grini
avdelingsleder

Dokumentet er godkjent elektronisk / This document has been electronically approved

Kopi til:
Statsforvalteren i Rogaland



TIME KOMMUNE

Postboks 38

4349 BRYNE

Kontakt saksbehandlar

Karen Løge, 51 56 88 04



Fråsegn - høring og offentlig ettersyn - reguleringsplan - Time - planendring Høg-Jæren energipark - nytt høgdebasseng Undheim - planID 0320.00

Me syner til høyringsbrev av 29.04.2026 frå Time kommune.

Saka gjeld

Det er sendt på høring ein reguleringsendring av Plan 0320.00 Energipark på Høg-Jæren, for gnr. 52 bnr. 4 i Time kommune.

Føremålet med planendringa er å leggje til rette for å etablere eit høgdebasseng med tilhøyrande tekniske anlegg under bakken, i samband med utbygging av datasenter nordaust for området, jf. planID 0528.00. Tiltaket vil sikra nødvendig vatn- og brannberedskap for datasenteret, samtidig som det styrker kommunen sin totale vassforsyning og beredskap. VA-anlegget mellom Undheim og Skjæret har ein kapasitet på 10 l/s, noko som ikkje dekker behovet til sprinkelanlegget ved data-senteret. Behovet er berekna til 50-60 l/s, og det har derfor vore lagt til grunn at løysinga må etablerast på eigen tomt. Kommunen skal drifte anlegget.



Utsnitt av godkjent reguleringsplan frå 2008 til venstre. Forslag til endring til høgre.



Planområde for høgdebasseng er på ca. 38 daa og ligg i område satt av til «andre typer bebyggelse og anlegg» i kommuneplanen. Tiltaket ligg i reguleringsplan 0320.00 *Endet regulering for energipark på Høg-Jæren vedtatt 17.06.2008*. Føremålet med denne planen var å leggje til rette for utbygging av vindkraftanlegg med tilhøyrande infrastruktur.

Planendringa inneber at omtrent 3 dekar beiteareal, regulert i vindkraftplanen, blir omdisponert til vassforsyningsanlegg. Vegane i området er opparbeida etter gjeldande reguleringsplan. Dei planlagde leidningane skal leggjast under eksisterande veg. Det er noko usikkerheit knytt til om det er plass til alle leidningar under vegen, nokon må kanskje kome litt utanfor. For å vise behov for grøft er det lagd inn omsynssone for å synleggjere dei arealmessige konsekvensane under byggeperioden. Leidningane blir lagt så djupt i bakken at vanleg landbruksdrift framleis er mogleg. Føreseigna legg til rette for at areal brukt til høgdebasseng kan skilast ut som eigen tomt. Tomta skal utformast slik at ho, i tillegg til handtering av vatn, skal vere stor nok til at tomtegrensa utgjør eit skilje mellom areal for sprenging og omsynssona høgdebassenget treng.



Illustrasjon som viser forslag til organisering av høgdebassenget.

Det skal opprettast ein ny grunneigedom for areal naudsynt til høgdebasseng med tilhøyrande anlegg og planen har egne føresegn for dette.

Statsforvaltaren sine merknader

Statsforvaltaren ser at det ligg relevante samfunnsinteresser til grunn for søknaden. Samstundes er dette eit nytt døme på etterfølgjande moment/konsekvensar ved etablering av datasenteret som ikkje er løyst i reguleringsplan 0528.00, likt som til dømes det store masseoverskotet og mellombels riggområde for innlosjering av arbeidsfolk.

Høgdebassenget skal plasserast i eit område som allereie er prega av tekniske inngrep, med mellom anna vindmøller og tilhøyrande anleggsvegar, og eit datasenter som er under utbygging. Arealet består i dag av innmarksbeite, og tiltaket vil derfor beslaglegge ca. 3 daa landbruksjord. Det er sett ei sikkerheitssone rundt høgdebassenget på 50 meter for å forebygge forureining av drikkevatt. Det må kome tydeleg fram dersom tiltaket vil avgrense bruk av landbruksjorda på andre sia av anleggsvegane rundt høgdebassenget.



Planskildring er tydeleg på at det vil førekomma avrenning frå tiltaksområde i anleggsperioden. Stormyråna er eit verna vassdrag med registrert elvemusling, og miljøet i vatnet er vurdert som særleg sårbart for tilførsel av finstoff. Det har tidlegare vore utfordringar knytt til utslepp til Stormyråna i samband med anleggsarbeid, noko som tilseier at det er stor sannsyn for at avrenning kan nå vassdraget dersom det ikkje vert etablert tilstrekkeleg med tiltak. Det er ein bekk som går langs deler av planområdet ut i Stormyråna. Det vil derfor være viktig at reinsetiltak og måleprogram blir beskrive i miljøoppføringsplanen og etablerast før oppstart av arbeidet. Dette er viktig for å unngå nye utslepp til Stormyråna. Miljøoppfølgingsplanen må òg sikra ein plan for oppskalering av reinsetiltak dersom den etablerte reinseløysinga ikkje fungerer etter hensikta. Me legg til grunn at kommunen følgjer dette tett opp. Det er òg viktig at ein unngår avrenning til Stormyråna når anleggsfasen er over.

Me legg til grunn at bygge- og anleggsarbeid vil finne stad utanfor hekkeperioden til fugl slik det går fram av føresegn 2.4.

Me gjer merksam på at me som uttaleinstans skal ha kommunen sitt vedtak tilsendt straks det er gjort.

Med helsing

Helene Medhus Skedsmo (e.f.)
seniorrådgiver

Karen Løge
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune
Mattilsynet, Felles postmottak

Postboks 130
Postboks 383

4001
2381

Stavanger
Brumunddal

Time kommune

Postboks 38

4349 BRYNE

Deres referanse:

26/986 - 6Dato: **29.05.2026**Saksnr.: **2026/33881**Dok.nr.: **3**

Saksbehandler:

Kristina Habbestad

**Time kommune - reguleringsendring - plan 0320.00 - Høg-Jæren
energipark - nytt kommunalteknisk anlegg - endring i plan - høring -
Uttalelse**

Viser til brev datert 29.04.2026

Bakgrunn for saken

Hovedhensikten med foreslåtte endringer er å legge til rette for bygging av et høydebasseng på terreng, med tilhørende tekniske anlegg under bakken. Anlegget ble initiert av privat utbygger, for å sikre slokkevann for datasenter i området. Etter dialog ble prosjektet endret for å også dekke kommunale behov. Det er planlagt at kommunen skal drifte høydebassenget etter bygging.

Kommunen er positive til den foreslåtte endringen.

Fylkesdirektørens vurdering

Fylkesdirektøren støtter kommunens vurdering i saken og har ingen merknad til at endringen gjøres etter forenklet prosess.

Hilsen

Gareth Philip Doolan
seksjonssjefKristina Habbestad
rådgiver

Kopi til:

Statsforvalteren i Rogaland

Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Oppgi vårt saksnr. når du svarer på brevet.